



- eit fyrstårn i vest

# Årsplan Klokkarvik barnehage

2025/2026



Natur og glede

[WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO](http://WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO)

## Innhald

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
<b>2. Klokkarvik barnehage</b> .....	<b>4</b>
<b>3. Satsingar i Øygarden kommune</b> .....	<b>5</b>
3.1 <i>Språk</i> .....	5
3.2 <i>Nærvær og inkludering</i> .....	5
3.3 <i>Inkluderene spesialpedagogikk i barnehagar</i> .....	8
<b>4. Kjenneteikn og mål i Klokkarvik barnehage</b> .....	<b>10</b>
<i>Natur og glede:</i> .....	10
<b>5. Barnehagen sitt formål og innhald</b> .....	<b>12</b>
<i>Leik:</i> .....	12
<i>Omsorg</i> .....	14
<i>Danning</i> .....	15
<i>Læring</i> .....	17
<i>Barnsmedverknad</i> .....	19
<b>6. Plan for oppstart og overgangar</b> .....	<b>21</b>
<b>7. Samarbeid</b> .....	<b>23</b>
<b>8. Planlegging, vurdering og dokumentasjon</b> .....	<b>26</b>
<b>9. Fagområda med progresjonsplan:</b> .....	<b>29</b>
<i>Kommunikasjon, språk og tekst</i> .....	29
<i>Kropp, rørsle, mat og helse</i> .....	31
<i>Kunst, kultur og kreativitet</i> .....	34
<i>Natur, miljø og teknologi</i> .....	36
<i>Etikk, religion og filosofi</i> .....	39
<i>Nærmiljø og samfunn</i> .....	41
<i>Antal, rom og form</i> .....	43

## 1. Innleiing

Lov om barnehagar og rammeplan er styrande for barnehagen si verksemd, og er ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda.

Alle barnehagar skal ha ein årsplan som presenterer barnehagen. Årsplanen har fleire funksjonar:

- ✎ Eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet til å styre verksemda i ei medviten og uttalt retning.
- ✎ Eit utgangspunkt for føresette til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- ✎ Eit grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen.
- ✎ Ein informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen til politikarane, samarbeidspartar og andre interesserte.

Årsplanen skal innehalde informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med lek, omsorg, danning og læring, samt ein plan for progresjon innanfor desse områda. Planen gjer og informasjon om korleis føresegna i barnehagelova om innhald skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast.

I årsplanen kjem det òg fram kva tema vi legg særskilt vekt på dette barnehageåret, både felles for Øygarden kommune og innad i barnehagen vår.

## 2. Klokkarvik barnehage

Klokkarvik barnehage held til på Klokkarvik. Barnehagen ligg i naturskjønne omgjevnader med nærleik til både skog og sjø, og flotte turområde. Vi bruker naturen mykje og legg vekt på den i vårt pedagogiske arbeid.

I Klokkarvik barnehage er vi 65 barn og 17 tilsette. Vi har varm lunsj tre dagar i veka, samt fruktmåltid. Dei andre dagane har barna med seg lunsj og frukt. Barna har alltid med seg frukost om dei skal ete det i barnehagen.

Vi har barna inndelt i ulike grupper.

På raud fløy har vi to grupper med barn i alderen 1 til 2 år: Kvitveis og Løvetann

På grøn fløy har vi tre grupper.

Blåklokke 2-3 år

Sommarfugl 2-4 år.

Villbiene 3-6 år.

I tillegg har vi Humlehagen som vert drifta som ei friluftsgruppe. Gruppa held til i tilbygget vi har på uteområdet. Her er barna 2-6 år.

### 3. Satsingar i Øygarden kommune

I Øygarden kommune har vi tre felles satsingar som gjeld barnehage og skule.

1. Språk
2. Nærvær og inkludering
3. Inkluderande spesialpedagogikk i barnehager.

Her er noko av det vi gjer for å følge opp dei tre satsingane i praksis.

#### 3.1 Språk

Overordna mål:

Barn og elevar skal møte eit godt språkmiljø i barnehage og skule kor personalet har ansvar for å skape eit variert, inkluderande og utviklande språk-og læringsmiljø for alle barn. Dei skal møte eit kompetent personale med kunnskap om barns språkutvikling.

Kva gjer vi for å legge til rette for eit god språkmiljø:

- 👤 Legger til rette for leik
- 👤 Leser bøker
- 👤 Aktive vaksne som sett ord på det ein ser og det ein gjer
- 👤 Nussa grupper
- 👤 Rim, reglar og rytme
- 👤 Samtaler med barna
- 👤 Delta på felles kurs og samlingar for å auke kompetansen til dei tilsette.

#### 3.2 Nærvær og inkludering.

Dette området er under utarbeiding i kommunen vår, men det handlar om å kome tidleg inn for å førebygge ufrivillig fråvær og utanforskap.

Nokre av dei tiltak vi alt gjer er:

BTI

Vi nyttar BTI som er eit verktøy som viser korleis vi skal gå fram når vi har ei undring for eit barn. Mål, tiltak og vurdering blir utarbeida saman med føresette.

Målet er ei meir heilskapleg, tverrfagleg oppfølging, tydelegare fordeling av ansvar mellom tenestene og betre samarbeid med dei føresette.

COS – Circle of security

Vi bruker og metoden COS for å styrke nærvær og inkludering. Det handlar om at kvart enkelt barn skal bli sett, forstått og respektert.

Eit barn har i hovudsak to typar tilknytingsbehov. Dei treng ein omsorgsperson som kan støtte barnet si utforsking og fungere som ein trygg base ("passe på meg, vere god mot meg, hjelpe meg, vise glede når vi er saman"). Barnet treng og at omsorgspersonen er der når det søker nærleik og at ho eller han kan fungere som ein trygg hamn ("beskytt meg, trøyst meg, vis godheit for meg, organiser kjenslene mine").


Barnet sitt behov er at det treng støtte for å utforske, å bli passa på og oppleve å bli delt glede saman med, men og å bli ønska velkommen tilbake, bli beskytta, trøysta og få organisert kjenslene sine.

Tryggleikssirkelen viser oss at føresette/omsorgspersonar har to funksjonar overfor barnet:

- 👤 Vere ein trygg base som barnet kan våge å bevege seg bort frå utan at barnet blir forletne.
- 👤 Vere ei sikker hamn som alltid er der for å ta imot når barnet har behov for nærleik/trøyst frå den vaksne.

I COS læra dei vaksne korleis dei kan møte barnas kjenslemessige behov og korleis hjelpe til å bli medvitne eigne utfordringar i å imøtekomme barnet sitt tilknytingsbehov.

Cos sirkelen:



### 3.3 Inkluderande spesialpedagogikk i barnehagar.

Øygarden kommune ønskjer ein organiseringsmodell i tråd med sentrale føringar frå Stortingsmelding 6, der den spesialpedagogiske hjelpa er tett på barnet og det er ein god samanheng mellom det allmennpedagogiske og det spesialpedagogiske tilbodet.

I barnehagen vår har vi ein spesialpedagog i 50%. I tillegg til å jobba systematisk med barn som har vedtak, er det fokus på NUSSA grupper, språkgrupper og sjå ting i samanheng med kvarandre.

Vi jobbar kontinuerleg med å finne fleksible løysingar slik at spesialpedagogen får jobbe førebyggjande i grøen sone.

Føremålet med denne satsinga er at alle barn skal ha eit inkluderande barnehagetilbod som gjer at dei trivst, utviklar seg, oppleve meistring og lærer. Dei barna som treng det, skal få rask hjelp og rett hjelp.



## Førebygging

Førebygging er å styrke beskyttelsesfaktorar og redusere risikofaktorar.

### Beskyttelsesfaktorar

1. at barn får hjelp til å **fungere** som jamgamle barn både kognitivt, språkleg, emosjonelt, sosialt og motorisk
2. at barn får hjelp til **vennskap** og kjenne seg som del av eit sosialt **fellesskap**
3. at barn frå 8-års alderen har ein **hobby eller fritidsinteresse** som barnet kan oppleve meistring med
4. at barnet får hjelp i å **tilpasse seg** godt til barnehage og skule, innordnar seg rutinar, godtek grensesetjing, er sosialt inkludert og har aldersadekvate skulefaglege prestasjonar
5. at føresette har **god omsorgsutøving**
6. at føresette er **godt integrert** i samfunnet, er i jobb eller utdanning, og har eit sosialt nettverk

*Kvello, 2023*



Ved handlingar og i avgjerder som vedtjem barn, skal kva som er best for barnet, vere eit grunnleggjande omsyn.  
Grunnlova §104

### Risikofaktorar

1. at barn vert utsett for skadeleg omsorg
2. at barn opplev alvorlege krenkingar
3. at føresette er emosjonell utilgjengeleg for barnet
4. at føresette misbruk rusmidler
5. at barn og føresette har store utfordringar med psykisk helse
6. at barn har utviklingsvanskar som ikkje vert forstått av dei vaksne, slik at dei kan få riktig hjelp
7. at barn oppheld seg i skadeleg psykososialt miljø i barnehage og skule
8. utfordringar med levekår (manglar i bustadforhold, relativ fattigdom, multi-stressande miljø)

*Kvello, 2023*



Sjå video om førebyggjande plan - tiltak på tre førebyggingsnivå (KORUS Sor)



[OYGARDEN.KOMMUNE.NO](http://OYGARDEN.KOMMUNE.NO)

Denne førebyggingsplakaten heng saman med satsingane i kommunen vår, og har gode indikatorar som vi tar med oss i vårt pedagogiske arbeid.

#### 4. Kjenneteikn og mål i Klokkarvik barnehage.

Natur og glede, samt berekraftig utvikling er overordna for det vi gjer og blir fletta inn i dei andre tema vi har i løpet av året.

Kvar gruppe legg vekt på ulike aktivitetar, og tilpassar det til si gruppe, slik at dei jobbar målretta mot dei mål vi har satt oss.

##### Natur og glede:

Klokkarvik barnehage legg særskilt vekt på å bruke naturen som pedagogisk arena.

Faktorane som gjer at vi vektlegg dette er både basert på forskning og egne opplevingar av praksis. Forsking fortel at naturen stressar oss ned, aukar kreativiteten, sjølvstende og meistringsopplevingar. I tillegg har vi erfart at barna sin leik blir meir kreativ i naturen, dei leikar meir på tvers av kjønn og det er mindre konflikhtar mellom barna. Vi ønsker at barna skal få gode opplevingar ute i naturen og bli glad i den slik at barna får verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn.

Berekraftig utvikling:

*«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det» (Utdanningsdirektoratet, s. 10).*

I år vil vi og fortsette samarbeidet med NLA, dei vil vere støttespelarar opp mot måla våre og gje oss fagleg innspel på ulike arena.

Vi fortsett og arbeidet med Grønt flagg, som er ei konkret metode å arbeide med berekraftig utvikling på. Vi vil at Grønt flagg sertifiseringa skal være vere godt synleg i det daglege arbeidet vårt, og kvart år vel vi eit nytt tema innanfor natur, klima, miljø som får ekstra fokus. Sidan hovudmålet til Klokkarvik Barnehage er « å gjere barna nysgjerrige og kunnskapsrike på naturens mangfald» er det naturleg å knytte grønt flagg arbeidet saman med hovudmålet til barnehagen.

Vi har et år til i samarbeid med NLA: Gjere barna nysgjerrige og kunnskapsrike på mangfaldet i naturen.

I år vil vi her ha som mål å gjere barna kjent med vatten som ressurs, kvar gruppe vil ha tiltak tilpasse sin aldersgruppe. Vatten og naturen vi har rundt oss, kan og knytast saman med kyst kultur. Ein ny metode vi her vil knytte opp mot naturens mangfald blir difor kystkultur og då særleg fokus på vatten. Aktivitetane vil variere frå gruppe til gruppe.

Månad	Tema	Mål	Metode/dette er noko vi kan gjere.
August 2025– august 2026	Naturens mangfald	Gjere barna nysgjerrige og kunnskapsrike på mangfaldet i naturen.  Delmål:  Engasjerte vaksne på barnas nivå.  Kunnskapsrike vaksne på naturen i nærområdet	-Turar i området vi har rundt oss. -Utforske naturens mangfald.
	Kyst kultur	Bli kjent med vatn som ressurs.	-leik med vatn -eksperiment med vatn -båtturar/fisketurar -fjæras mangfald -Fisk som mat
	Psykisk helse	Gje barna opplevingar og erfaringar med kystkulturen.	-Bruke naturen -Risikoleik -«Flow» tilstedeværelse -stressreduksjon -selvstendighet (både praktisk og emosjonelt) -Gruppefølelse.

## 5. Barnehagen sitt formål og innhald

### Leik:

*«Leiken skal vere ein arena for utvikling av læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne» (Rammeplan s. 20).*

Vennskap blir utvikla gjennom leik. Leik og vennskap er viktig for oss, og noko vi legg mykje vekt på i vår barnehagekvardag.

Leiken er nyttig for barn, for under leik kan barn utvikle emosjonelle, språklege, motoriske og intellektuelle ferdigheitane. Desse ferdigheitane er viktige for barna si utvikling og tener som ei førebuing til seinare livsfasar.

Kjenneteikn på god leik:

- 👉 Barna kommuniserer med kvarandre.
- 👉 Det er glede, latter, smil og blick.
- 👉 Barna samarbeida, det er turtaking og barna fordeler oppgåver.
- 👉 Det er motorisk aktivitet slik at barna får brukt kroppen sin.
- 👉 Barna har felles fokus og lever seg inn i det dei held på med.
- 👉 Barna inviterer andre med i leiken.
- 👉 Barna ser på kvarandre som likeverdige partar.

Progresjonsplan, leik

Mål: Alle barn skal oppleve vennskap og føle seg inkludert i det sosiale fellesskapet.

Aldre	ti	Kva	Korleis
1-3 år	<p>Anerkjenne barna sin leik.</p> <p>Observere leik.</p> <p>Vere til stade for barna.</p> <p>Rolleleik.</p> <p>Legge til rette for leik.</p> <p>Sosial kompetanse.</p>	<p>-Dei vaksne må ha kunnskap om barna sin leik slik at dei veit kva ein kan forvente av barn og leik på dei ulike alderstrinn.</p> <p>-Dele barna i grupper. Kva barna leiker, kven dei leikar med og korleis dei er imot kvarandre.</p> <p>-Vere ein trygg base for barna (COS).</p> <p>-stoppe opp saman med barna, hva kan vi gjøre, kan vi finne en løsning.</p> <p>-Ha leikar og utstyr som er tilpassa barna sin alder og modning.</p> <p>-felles opplevingar som kan lekes, eksempel eventyr.</p> <p>Samlingsstund med blant anna Pinnsvin og Kaninen</p>	
3-6 år	<p>Samtaler, formelle i samling og spontant i kvardagen.</p>	<p>-Samlingsstund med vennskap og sosial kompetanse som tema.</p>	

## Omsorg.

«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygg og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik» (Rammeplan s19).

Ein omsorgsfull relasjon mellom barn og vaksne i barnehagen er prega av lytting, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel.

Progresjonsplan, omsorg

Mål: Kvart enkelt barn skal bli sett, forstått og respektert.

Alder	Kva	Korleis
1-3 år	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Bli kjend med barnet.</li> <li>-Møte barn og føresette.</li> <li>-Bruke COS-metoden.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Startsamtale med føresette.</li> <li>- Faste vaksne på barna i tilvenningsperioden.</li> <li>-Dele barna i grupper.</li> <li>-Tar imot barn og føresette med respekt og anerkjening.</li> <li>-Personalet gjer seg kjend med COS.</li> </ul>
3-6 år	<ul style="list-style-type: none"> <li>-I tillegg til det som er nemnd over, legg vi større vekt på barna sitt verbale språk.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Samtala med barna og vere lydhøyr overfor tankar, idéar og barna sine behov.</li> <li>-Barnesamtaler frå 3 år.</li> </ul>

## Danning

*Barnehagen skal oppmuntre barna til å være prøvande, til å være nysgjerrige på omverda, og bidra til å legge grunnlaget for modig, sjølvstendige og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap» (Rammeplan s.21).*

Gjennom danning legg ein grunnlaget for allsidig utvikling, difor legg vi i vår barnehage vekt på at vi bidreg til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen. Danning skjer i ein prosess i møte mellom mennesket og omgjevnadane.

Barna skal utvikle kritisk tenking, etisk vurderingsevne og evne til å yte motstand og handlingskompetanse gjennom samspel, dialog, leik og utforsking i barnehagen.



## Progresjonsplan, Danning

Mål: Trygge barn som tar omsyn til kvarandre og får kunnskap om ulikheit og kulturelt mangfald

Alder	Kva	Korleis
1-2 år	<p>Akseptere barndommen sin eigen verdi.</p> <p>Sosial kompetanse</p> <p>Få kjennskap til det kristne budskapet og andre tradisjonar og religionar som er representert i barnehagen.</p>	<p>Reflekterte vaksne som er bevisst på korleis ein opptrer overfor barn og kvarandre.</p> <p>Annerkjenne leikens eigenverdi.</p> <p>Tema «du og eg».</p> <p>Forteljingar</p> <p>Julesongar</p> <p>Nissemarsj.</p>
3-6 år	<p>Aksepterer barndommen sin eigen verdi.</p> <p>Sosial kompetanse</p> <p>Få kjennskap til det kristne budskapet og andre tradisjonar og religionar som er representert i barnehagen.</p> <p>Bli sjølvstendig/øve på sosiale normer</p>	<p>-Reflekterte vaksne som er bevisst på korleis ein opptrer overfor barn og kvarandre.</p> <p>- Tema «Du og eg».</p> <p>-Bøkene om Pinnsvinet og Kaninen.</p> <p>- Forteljingar.</p> <p>-Nissemarsj.</p> <p>-Julesongar.</p> <p>-Besøke kyrkja</p> <p>-Påkledning.</p> <p>-Rydde opp etter seg</p> <p>-Hjelpe kvarandre.</p> <p>-Vente på tur.</p> <p>-Normer ved måltid.</p>



## Læring.

*«Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger» (Barnehageloven § 1 Formål, 2.ledd).*

*Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barns interesser, kunnskapar og ferdigheter» (Barnehagelova § 2 Barnehagens innhald 5.ledd).*

Barn lærer gjennom erfaringane dei får i leik og andre aktivitetar. Å ivareta barna si lærelyst handlar i stor grad om engasjerande og motiverande vaksne som skapar eit miljø med rom for undring. Å vise engasjement og skapartrang for å vekke barna sine interesser, er viktig. Barna lærer av det dei gjer dersom dei vaksne tek utgangspunkt i barna sine interesser, undersøker og undrar seg saman med dei.

- 🦋 Formell læring er når barna skal lære noko spesielt. Dette er planlagde aktivitetar som er førebudde, og som blir gjennomført etter ein plan.
- 🦋 Uformell læring er læring som skjer i her- og no situasjonar. Dette er den læringa som skjer i leik med andre, i samspel med andre barn og vaksne, utan at det er planlagt at det skal skje. Uformell læring er ei viktig læringsform for små barn, difor pregar den uformelle læringa kvardagen i barnehagen. Vi stoppar opp og undrar oss, lærar akkurat her og no.

## Progresjonsplan, læring

Mål: Legge til rette for eit stimulerande miljø som gjer at barna undrar seg saman med andre barn og vaksne.

Alder	Kva	Korleis
1-3 år	Legge til rette for leik og aktivitetar som barna viser interesse for.  Samtale/ undring med barna.	-Observere barna, sjå kva dei viser interesse for og utforske saman med dei.  -Vere der barna er, stille opne spørsmål og undre seg saman med barna.
3-6 år	Legge til rette for leik og aktivitetar.	-Sjølv om hovudtema er satt på førehand så tar vi omsyn til barna sine innspel og ønskjer.

### Barnsmedverknad.

*”Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet”*  
(Barnehageloven§3 Barns rett til medvirkning)

«Alle barn har rett til å seie meininga si, og deira meining skal bli tatt på alvor».

(FNs barnekonvensjon art.12).

Dette tek vi på alvor i arbeid med barna, dei skal få utrykke meiningane sine, men det er ikkje dermed sagt at dei får det slik dei vil. Vi skal respektere barna, lytte til dei og forklare kvifor vi gjer som vi gjer. Vi skal møte barna slik at barna føler seg høyrd, samstundes som dei etter kvart som dei blir eldre forstår at dei ikkje alltid kan få sine ønskjer oppfylt.

Progresjonsplan, medverknad

Mål: Alle barn skal få høve til å ytre seg og meininga deira skal bli teken på alvor.

Alder	Kva	Korleis
1-3 år	<p>Bruke COS</p> <p>Bli kjend med barna.</p>	<p>-Snakke <u>med</u> barna, lytte, observere det non-verbal språket.</p> <p>-Observere barna, sjå kva dei viser interesse for å legge til rette for aktivitetar som dei viser glede over å gjere.</p> <p>-Vere der barna er, stille opne spørsmål og undre seg saman med barna.</p>
3-6 år	<p>Bruke COS</p> <p>Samtale med barna.</p>	<p>-Snakke <u>med</u> barna, anerkjenne, setje grenser.</p> <p>-Lytte til det barna har å seie. Vise at vi forstår barna sine ønskjer.</p> <p>-Når barna ikkje kan få det som dei vil, forklare dei kvifor.</p>

## 6. Plan for oppstart og overgangar.

### Når barnet byrjar i barnehagen.

*«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barna kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barna får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn».*  
(Rammeplan s. 33).

I Klokkarvik barnehage har vi fokus på ein god og trygg start, der etablering av relasjonar og tilknytning mellom personalet, føresette og barn er i fokus.

### Kva gjer vi for å leggje til rette for ein god start:

- 👤 Inviterer føresette til bli kjend dag før barnet startar i barnehagen.
- 👤 Startsamtale med føresette.
- 👤 Tilvenning i tett samarbeid og dialog med føresette.
- 👤 Legg til rette for at barnet skal bli møtt av ein kjend vaksen.
- 👤 Vi deler barna i mindre grupper.
- 👤 COS-metoden.

### Overgongar innad i barnehagen

*«Personalet skal sørgje for at barna og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personalet når eit barn byter barnegruppe».*

(Rammeplan s. 33).

### Kva gjer vi for å leggje til rette for oppstart på ny avdeling:

- 👤 Barna får besøke den avdelinga dei skal byrje på jamleg på våren og sommaren.
- 👤 Besøksdagar på ny avdeling i mai/juni.
- 👤 Dersom barnet byt avdeling midt i året, går ein på besøk, blir kjend og har dialog med barn og føresette om dette.

## Overgang mellom barnehage og skule

Øygarden kommune har utarbeida ein plan for kva innhald og rutinar som skal vere på plass for at skulestartaren skal få størst mogleg utbytte og samanheng mellom barnehage og skule.

<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/barnehage/sprakkommune/overgang-barnehageskule/>

I felles planen for overføring mellom barnehage og skule er det utarbeida eit årshjul. Dette årshjulet sikrar blant anna.

- 🦾 Samarbeid kring barn med særskilde behov for tilrettelegging.
- 🦾 Overføring samtalar mellom barnehage, tilsette og tilsette i skulen.
- 🦾 Førskuledag.

Vi i Klokkevik barnehage vil gje barna erfaringar med likheiter og ulikheiter mellom barnehage og skule. I tillegg så er det viktig for oss å legge vekt på leik og venskap. Har ein vener så trivs ein, trivs ein så er det og lettare og tileigne seg kunnskap.

Vi øver til dømes på å ta imot fellesbeskjedar, uthaldenheit, og snakke framfor ei gruppe.

Gjennom leik og på barna sine eigne premissar brukar vi bokstavar og tal i ulike samanhengar. Med dette utgangspunktet kan barna møte skulen med nysgjerrigheit og tillit til å lære meir.

## 7. Samarbeid

### Samarbeid med føresette

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.» (Barnehageloven § 1 Formål, 1.ledd, første punkt).

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode høve til utvikling og aktivitetar i nær forståing med heimen. Føresette skal ha høve til innverknad gjennom foreldresamtalar, samarbeidsutval og foreldremøte. Føresette skal vere trygge på at barnet blir sett og høyrd, at barnet trivast og får omsorg i barnehagen.

#### Dette gjer vi i Klokkarvik barnehage:

- 👤 Har rutinar som sikrar god kontakt mellom barnehage og heim gjennom dagleg kontakt i barnehagen.
- 👤 Vi har startsamtale med nye føresette.
- 👤 Om det er spesielle hendingar i løpet av dagen får føresette beskjed om det.
- 👤 Føresette får tilbod om 2 foreldresamtalar i året (fleire dersom det er ønskeleg).
- 👤 Arrangerer foreldremøte 2 gongar i året.
- 👤 Gjer føresette høve til å søke hjelp og rettleiing hos personalet.
- 👤 Kallar inn til møte i samarbeidsutvalet minimum 2 gonger i året.

Alle barnehagane har samarbeidsutval som består av føresette og tilsette. Samarbeidsutval skal sikre medverknad til innhald, plan og organisering. I tillegg har alle barnehagar eit foreldreråd som består av alle føresette i barnehagen.

Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Føresette skal få høve til å vere med på å planleggje innhaldet i barnehagen. Dette gjer vi blant anna ved at føresette for komme med innspel på foreldremøte og SU møte.

Dersom føresette har sakar ein ønske å ta opp, har vi følgjande saksgong:

Kontakt pedagogisk leiar /styrar:

- Sakar vedrørande enkelt barn drøftast på avdelingsnivå med pedagogisk leiar. Dersom drøftinga ikkje førar fram takast det opp med styrar.

Kontakt barnehagen sitt samarbeidsutval:

- Sakar som til dømes omhandlar barnehagen si drift eller innhald kan føresette melde inn til samarbeidsutvalet. Dette gjerast ved at De tar kontakt, enten med foreldrerepresentanten på di avdeling, med leiar for samarbeidsutvalet, eller med styrar.
- Foreldrerepresentanten/ leiar for SU kan kalle inn til foreldrerådsmøte for å få ulike synspunkt for saka før den blir tatt opp i samarbeidsutvalet.
- Før møter i samarbeidsutvalet blir sakslista gjort kjent for dykk foreldre slik at de får moglegheit til å kome med innspel.

**SU for 2025-2026**

<b>Foreldrerepresentantar:</b>	<b>Representantar frå personalet</b>
Christin Kühn	Helga Langeland
Stine H. Golten	Gitte Bjorøy
Christine Opseth	Bjørg Elin Sleire
Veronica Limevåg (vara)	Elin Nordfonn(vara)
David Lindberg(vara)	Emilie Hjørnevik(vara)
Halvard Sangolt(vara)	Silje Therese Eikeseth(vara)



## **Samarbeid med andre instansar.**

### Teieplikt og opplysningsplikt. Politiattest

Barnehagen samarbeider med fleire instansar dersom det er naudsynt, t.d. barnevern, helsestasjon, PPT, FOR (familie og rettleingsenter) og skule. I dei aller fleste høve blir føresette informert og involvert i samarbeidet, med unntak av situasjonar kor lovverket seier noko anna.

Alle som jobbar i barnehagen har teieplikt vedrørande barn, føresette og personalet, men har opplysningsplikt til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at barn lev under vanskelege tilhøve eller opplev omsorgsvikt.

Barnehage er ein viktig del av barna sitt oppvekstmiljø og personalet opparbeider eit nært tillitsforhold til barn, derfor må alle som skal jobbe i barnehage legge fram politiattest.

## 8. Planlegging, vurdering og dokumentasjon

Planlegging:

*«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet...Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda».*

(Rammeplan, s. 37).

I Klokkarvik barnehage utarbeidar vi årsplan, temaplanar og månadsplanar. Dette blir planlagt på personalmøter, pedagogiske leiar møter, avdelingsmøter, samt på planleggingsdagar og på plantida til pedagogane.

Vurdering:

*«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i... Erfaringane og synspunkta til barna skal inngå i vurderingsgrunnlaget».*

(Utdanningsdirektoratet, s. 38 -39).

Føresette deltar i vurderingsarbeidet på foreldremøte, brukarundersøkingar, uformelle og formelle samtaler og ved deltaking i samarbeidsutvalet.

Vurderingsarbeidet er ein kontinuerleg prosess der tilsette og barna er involvert, noko som skal sikre ei positiv utvikling av barnehagetilbodet. Tilsette deltar i systematisk vurderingsarbeid gjennom ståstad analyser, slik at vi får evaluert vår eigen praksis. Barna deltar i vurderingsarbeidet gjennom samtaler, ved at tilsette observerer og kartlegg.

For oss er det viktig at alle barna har nokon å leike med så i år vil vi derfor ha særskilt fokus på dette i vårt systematiske vurderingsarbeid.

Kva skal vurderast	Kven skal delta	Mål for vurderingsarbeid	Korleis vurdere	Merknadar
At alle barn har nokon å leike med.	Vaksne og barn	Skape gode relasjonar mellom barna i gruppa	-Observasjon av barn. Barnesamtalar frå og med 3 år. - Sosiogram – 4 i bussen. -«Alle med» observasjonsskjema opptil 3 år (utan namn)	Vurderer til jul og jobbar vidare ut frå resultat. Sluttvurdering i mai.

Årsplanen blir evaluert i si heilheit i samarbeid med personalet.

Temaplanar blir evaluert avdelingsvis.

## Dokumentasjon

*«Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen». (Rammeplan, s.39).*

Gjennom pedagogisk dokumentasjon får vi heva refleksjonsnivået og synleggjort vårt arbeid i barnehagen. Vi har barna sine lærings- og erfaringsprosessar i fokus. Det pedagogiske arbeidet blir blant anna dokumentert gjennom: Temaplanar, månadsplanar, bilete frå barna sine læringsprosessar, utstillingar, praksisforteljingar og samtaler med barn og føresette.

Dokumentasjon er ein viktig del av arbeidet vårt og eit pålegg i rammeplanen.

Dokumentasjon er eit middel for å få fram ulike oppfatningar og opne opp for ein reflekterande praksis.

Planlegging, vurdering, og dokumentasjon heng tett saman, og har til hensikt å belyse praksis, få oss til å reflektere og bli betre. Vi skal vere ein lærande organisasjon som er i utvikling.
























## 9.Fagområda med progresjonsplan:

### Kommunikasjon, språk og tekst

«Gjennom arbeidet med fagområder skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståing, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer».

(Rammeplan s. 47).

Barnehagen er med på å leggje grunnlag for barn si språkutvikling. Ei god språkutvikling er avhengig av varierte og positive erfaringar med språk.

Vi ønskjer at 1 – 2 åringane skal:	Kva gjer vi:
<ul style="list-style-type: none"> <li> Lære nye ord og omgrep</li> <li> Bruke språket verbalt</li> <li> Utvikle språkforståing</li> <li> Opplive glede ved å bruke språket.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li> Har samtaler med barna i daglege situasjonar som av/påkledning, måltid, leik osv.</li> <li> Har samtaler om felles opplevelser.</li> <li> Setter ord på det vi og barna gjer</li> <li> Leik med rim, regler og song</li> <li> Leser bøker</li> <li> Munnmotoriske øvingar</li> </ul>
Vi ønskjer at 3 – 4 åringane skal:	Kva gjer vi:
<ul style="list-style-type: none"> <li> Lære nye ord og omgrep.</li> <li> Bruke språket verbalt.</li> <li> Utvikle språkforståing.</li> <li> Opplive glede ved å bruke språket.</li> <li> Utvida omgrepsforståing, t.d. over/under, stor/liten, høg/lav etc.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li> Har samtaler med barna i daglege situasjonar som av/påkledning, måltid, leik osv.</li> <li> Har samtaler om felles opplevelser.</li> <li> Setter ord på det vi og barna gjer</li> <li> Leik med rim, regler og song</li> <li> Leser bøker</li> <li> Munnmotoriske øvingar</li> <li> Rolleleik/dramatisering</li> <li> Musikk, ordrytme og instrument.</li> </ul>

Vi ønsker at 5 – 6 åringane skal:	Kva gjer vi:
<ul style="list-style-type: none"><li>👤 Bli kjent med ulike tal/bokstavar.</li><li>👤 Vidareutvikle omgrepsforståinga.</li><li>👤 Få eit positivt forhold til tekst og bilde.</li><li>👤 Lytte til rytme og lyder i språket.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>👤 Ulike språkleikar.</li><li>👤 Tekstskaping.</li><li>👤 Høgtlesing.</li><li>👤 Lyttetrening.</li><li>👤 Munnlege forteljingar.</li><li>👤 Bil kjent med bokstavane i namnet sitt.</li></ul>

### Kropp, rørsle, mat og helse

*«Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sansse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt.*

*Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut i frå egne føresetnader».*

(Rammeplan s. 49).

Fysisk aktivitet skal vektleggast både inne og ute i barnehagane vår. Fysisk aktivitet er viktig for at barna skal utvikle seg positivt motorisk. God motorikk styrkar barnet både fysisk og psykisk. Det er viktig at barnehagane variera dagane sine, og stimulere til ro, fysisk aktivitet og gode vanar rundt måltid og kvile. Eit sunt og godt kosthald legg eit godt grunnlag for fysisk aktivitet, og for barna sin læring og utvikling.

Vi ønsker at 1 – 2 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li>🐾 Bli glad i å vere ute i alle årstider.</li> <li>🐾 Utvikle kroppsbehersking, grov/fin motorikk.</li> <li>🐾 Få positivt sjølvbilete gjennom kroppsleg meistring.</li> <li>🐾 Få ro og kvile i løpet av dagen.</li> <li>🐾 Bli kjent med kjenslene sine.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>🐾 Gå små turar i ulendt terreng.</li> <li>🐾 Songar med rørsle, songar om kroppsdelar.</li> <li>🐾 God plass til å boltre seg på. (inne, ute, hopperom)</li> <li>🐾 Sansestimulerande aktivitetar.</li> <li>🐾 Finmotoriske aktivitetar.</li> <li>🐾 Etter lunsj tid for ro og kvile.</li> </ul>

Vi ønsker at 3 – 4 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li>🐾 Bli glad i å vere ute i alle årstider.</li> <li>🐾 Vidareutvikle grov- og finmotorikk.</li> <li>🐾 Få ein god oppleving av kroppsleg meistring.</li> <li>🐾 Få kjennskap til kor ulik mat kjem i frå.</li> <li>🐾 Få ro og kvile i løpet av dagen. (fleire formar for ro)</li> <li>🐾 Bli kjent med kjenslene sine.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>🐾 Gå litt lengre turar i ulendt terreng.</li> <li>🐾 Ulike aktivitetar som t.d. sykling, klatring og leik med ball.</li> <li>🐾 Leikar med rørsle og songar.</li> <li>🐾 Kjøkkenhage.</li> <li>🐾 Barna får smørje sin eigen mat.</li> <li>🐾 Alternativ kvilestund. (yoga, høgtlesning, lytte til musikk, bordaktiviteter).</li> <li>🐾 Bruke COS.</li> <li>🐾 Kanin og pinnsvin</li> <li>🐾 Samtale i kvardagen om kjenslene våre.</li> </ul>



Vi ønsker at 5 – 6 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li>🐾 Bli glad i å vere ute i alle årstider. 🐾</li> <li>Vidareutvikle kroppsbehersking, grov- og finmotorikk.</li> <li>🐾 Få kunnskap om menneskekroppen og forståing for betydninga av gode vaner og sunt kosthald.</li> <li>🐾 Sjølvstendetrening.</li> <li>🐾 Utvikle forståing for eigen og andre sin kropp og for at alle er ulike. 🐾</li> <li>Få ro og kvile i løpet av dagen.</li> <li>🐾 Få kjennskap til kor ulik mat kjem i frå.</li> <li>🐾 Få delta i matlaging.</li> <li>🐾 Bli kjent med kjenslene sine.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>🐾 Gå lange turar i ulendt terreng.</li> <li>🐾 Ulike aktivitetar som sykling, sparke fotball, klatre, hoppe tau, hoppe paradismm.</li> <li>🐾 Sansemotorisk trening. (ulike underlag, ulikt materiale, smak og lukt)</li> <li>🐾 Songleiker.</li> <li>🐾 Bruke bøker om t.d. "kroppen" som utgangspunkt for samtale.</li> <li>🐾 Øve på påkledning og å gå på toalett åleine.</li> <li>🐾 Samtale om kva sunn og usunn mat gjer med kroppen.</li> <li>🐾 Kjøkkenhage.</li> <li>🐾 Barna får smørje sin eigen mat.</li> <li>🐾 Få ulike typar ansvar for t.d. å dekke bord, halde orden på plassen. (dagens hjelper/hjertebarn.</li> <li>🐾 Alternativ kvilestund. (yoga, høgtlesning, lytte til musikk, bordaktivitetar).</li> <li>🐾 Bruke COS.</li> <li>🐾 Samtale om kjensler i kvardagen.</li> </ul>

## Kunst, kultur og kreativitet








*«I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforskning, fordypning og progresjon.*

*Barnehagen skal legge til rette for samhørse og kreativitet ved å bidra til at barna sammen for oppleve og skape kunstneriske og kulturelle uttrykk» (Rammeplanen s. 50).*

Barnehagane skal gje barna kjennskap til og erfaring med estetiske uttrykksformer som musikk, dans, drama og forming.

Rike erfaringar gjennom kunst, kultur og estetikk gjer barn mange høve til sansing, oppleving, eksperimentering, tenking og kommunikasjon.

Når barna får bruke fantasien sin og si eiga kreativitet, er det med på å utvikle det unike hos kvart enkelt barn. Det å kunne uttrykkje seg på andre måtar enn verbalt er med på å styrke den kulturelle identiteten og det bidreg til nærleik og forståing.

Vi ønskjer at 1 – 2 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li> Bli kjend med ulike teknikkar og materialar.</li> <li>Utrykke seg visuelt gjennom musikk, song, dans og drama.</li> <li> Skape gode relasjonar gjennom kulturelle opplevingar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li> Ulike kreative aktivitetar.</li> <li> Bli kjent med instrument.</li> <li> Danse/synge til variert musikk.</li> <li> Bli dramatisert for og barna dramatisere sjølve.</li> <li> Ha materialer synleg for barna, slik at dei kan få bruke og utforske ulike materialtyper</li> </ul>

Vi ønsker at 3 – 4 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li>👉 Ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede.</li> <li>👉 Bli kjend med ulike teknikkar som t.d. male, teikne og veve.</li> <li>👉 Uttrykkje seg gjennom song, musikk, dans og drama.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>👉 Ulikt formingsmateriell styrt av vaksne.</li> <li>👉 Ha tilgang til instrument.</li> <li>👉 Tilgang til utkleddingsklede.</li> <li>👉 Motivere barna til å uttrykkje seg kreativt i dei ulike materialane som dei blir kjend med, til dømes lego, modelleire mm.</li> </ul>

Vi ønsker at 5 – 6 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li>👉 Lære seg ulike teknikkar som t.d. male, klippe, spikre, snekre, sage, sy, veve m.m.</li> <li>👉 Uttrykke seg visuelt i språk, musikk, song, dans og drama.</li> <li>👉 Ha utstillingar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>👉 Få høve til å prøve ulike teknikkar.</li> <li>👉 Bli kjent med instrument.</li> <li>👉 Ha tilgang til utkleddings klede.</li> <li>👉 Samtale og refleksjon rundt biletkunst.</li> <li>👉 Framsyning av dans og drama internt i barnehagen og for andre.</li> </ul>

## Natur, miljø og teknologi.

«Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evne til å orienterer seg å være i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av natur opplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring» (Rammeplan s. 52).












Naturen er ei viktig arena for leik og læring. Barna får mange opplevingar og mykje kunnskap, dei får nytta alle sansane sine, og får god motorisk trening. Naturen vert nytta til inspirasjon, oppleving og undring. Dette kan skape positive haldningar hos barna i forhold til mellom anna:

- 👣 Å ta vare på seg sjølv.
- 👣 Å ta vare på kvarandre.
- 👣 Å ta vare på naturen som vi er ein del av.

Naturopplevingar kan fremje interesse for naturen og skape positive haldningar til naturen. Barna skal utvikle forståing for samanhengar og få varige interesser for å ferdast i og ta vare på naturen. Vi vaksne skal vere dei som legg forholda til rette for gode og positive opplevingar ute. Vi må vere ein interessert "medoppdagar" saman med barna, og vi må gje dei tid til undring og eksperimentering

Vi ønskjer at 1 – 2 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li>👣 Opplive naturen i alle årstider. 👣</li> <li>Bli kjent med naturen rundt barnehagen.</li> <li>👣 Leik i naturen, bli glad i å være ute.</li> <li>👣 Få erfaringar med, og kunnskap om dyr, småkryp og plantar i naturen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>👣 Aktivitetar etter årstider.</li> <li>👣 Gå turar i nærmiljø/oppdagarturar.</li> <li>👣 Ha natur og dyrebøker lett tilgjengeleg.</li> <li>👣 Synge songar om dyr og plantar.</li> <li>👣 Sjå nytt liv spire og gro.</li> <li>👣 Undre seg saman og leite etter småkryp</li> <li>👣 Grønsakshagen</li> <li>👣 Sortering av avfall</li> <li>👣 Fokusera på å ta vare på det vi allereie har.</li> </ul>

Vi ønsker at 3 – 4 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li>👣 Opplive naturen i alle årstider.</li> <li>👣 Bli kjent med naturen rundt barnehagen.</li> <li>👣 Leik i naturen, bli glad i å være ute.</li> <li>👣 Få erfaringar med, og kunnskap om dyr, småkryp og plantar i naturen og i fjæra.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>👣 Aktivitet etter årstider.</li> <li>👣 Gå turar i nærmiljø/oppdagarturar.</li> <li>👣 Ha natur og dyrebøker lett tilgjengeleg.</li> <li>👣 Synge songar om dyr og plantar.</li> <li>👣 Undre seg over det som skjer i naturen.</li> <li>👣 Ulike fysiske eksperiment; som t.d. snø, vatn, flyte/søkke og kroppen.</li> <li>👣 Undre seg saman og leite etter småkryp</li> <li>👣 Grønsakshagen</li> <li>👣 Sortering av avfall</li> <li>👣 Fokusera på å ta vare på det vi allereie har.</li> </ul>

Vi ønsker at 5 – 6 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li> Ta vare på naturen og bli glad i den.</li> <li> Lære om mangfaldet i naturen, på land og i vatn.</li> <li> Få grunnleggjande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen.</li> <li> Lære å undre seg, eksperimentere, systematisere, beskrive, studerer og samtale om fenomenen i den fysiske verda.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li> Gå på oppdagarferd i naturen og samtale om det vi ser, t.d. tresortar, planter, blommar, insekt og dyr, t.d. <ul style="list-style-type: none"> <li>-kva treng plantane for å vekse?</li> <li>-korleis formerar dei seg?</li> <li>-kva skjer med blada om hausten?</li> </ul> </li> <li> Båttur, fiske og sjøliv i fokus.</li> <li> Ha natur- og dyrebøker tilgjengeleg for barna.</li> <li> Ha ulike fysiske eksperiment som t.d. <ul style="list-style-type: none"> <li>-kor kjem snø og is frå?</li> <li>-kvifor regnar det?</li> <li>-kva for lydar kan vi lage med kroppen?</li> </ul> </li> <li> Undre seg saman og leite etter småkryp</li> <li> Grønsakshagen</li> <li> Sortering av avfall</li> </ul> <p>Fokusera på å ta vare på det vi allereie har.</p>

## Etikk, religion og filosofi

«Barnehage skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar».

(Rammeplan s. 54).

Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet av kulturar og religionar som er representert i barnehagen. Samstundes skal barnehagen ivareta verdiar og tradisjonar frå den kristne kulturarven. Den etiske rettleiinga som vi gjer barna, må ta omsyn til barnet sine føresetnader og den enkelte heim si kulturelle og religiøse eller verdimessege tilknytning.

Vi ønskjer at 1 – 2 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"><li>👤 Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar.</li><li>👤 Lære seg sosiale koder.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>👤 Jul – snakke om julebodskapet og tradisjonar.</li><li>👤 Samtale i kvardagen om korleis vi er mot kvarandre.</li><li>👤 Reflektere over at vi vaksne er rollemodellar.</li><li>👤 Påske – fokus på nytt liv.</li></ul>

Vi ønsker at 3 – 4 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li>👤 Lære toleranse og respekt for kvarandre.</li> <li>👤 Samarbeide – vente på tur.</li> <li>👤 Få konfliktløsning inn i det daglege arbeidet.</li> <li>👤 Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar.</li> <li>👤 Få kjennskap til ulike religionar som vi har i barnehagen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>👤 Gje rom for undring og refleksjon med barna.</li> <li>👤 Vaksne må vere tilgjengeleg.</li> <li>👤 Gode rollemodellar.</li> <li>👤 Gje forslag til konfliktløsning.</li> <li>👤 Ta barna på alvor.</li> </ul>

Vi ønsker at 5 – 6 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li>👤 Å respektere at alle er ulike uansett religion og hudfarge. Menneskesyn, mangfald.</li> <li>👤 Undre seg over livet/filosofere.</li> <li>👤 Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar.</li> <li>👤 Få kjennskap til ulike religionar som vi har i barnehagen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>👤 Ta opp julebodskapet – besøk i kyrkja.</li> <li>👤 Påskevandring i kyrkja.</li> <li>👤 Gje rom for undring og refleksjon.</li> </ul>











### Nærmiljø og samfunn

«Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhørsele til nærmiljøet».

(Rammeplanen s. 55- 56).

Barnehagen skal aktivt profilere seg i nærmiljøet. Kystkultur er ein viktig del av vår historie og det er noko av det som kjenneteiknar området vi høyrer til. Vi ynskjer derfor å gjera barna kjent med kystkulturen i vårt område. Barnehagen skal delta og vere med på å gje barna gode opplevingar og læring i området rundt barnehagen. Det å få ei forståing for at det er eit samfunn utanom barnehagen og familien er viktig. Barna skal møte verda utanfor med tillit og undring. Barnehagen skal leggje vekt på å styrkje kunnskap om og tilknytninga til lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og levesett.

Vi ønskjer at 1 – 2 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li> Blir kjend i nærmiljøet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li> Gå turar og besøke barnehagen sitt nærmiljø.</li> <li> Prate om det vi ser.</li> </ul>

Vi ønskjer at 3 – 4 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li> Bli kjend med lokalsamfunnet gjennom opplevingar og erfaring i nærmiljø.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li> Gå turar i barnehagen sitt nærmiljø.</li> <li> Besøke kyrkja, sjå og observere bli kjent</li> <li> Syngje kjente songar frå nærområdet vårt.</li> <li> Besøke kystlaget sitt naust i Klokkarvik Klokko, Moloen</li> </ul>






Vi ønsker at 5 – 6 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li>🐾 Utvide til lengre turar, eigen tur for dei eldste om våren.</li> <li>🐾 Sjøliv og båt.</li> <li>🐾 Samarbeida med Kystlaget</li> <li>🐾 Bli kjent med endringar i lokalmiljøet.</li> <li>🐾 Bli kjent med og delta i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet.</li> <li>🐾 Få kjennskap til samane sin kultur og opphav.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>🐾 Gå turar og besøke barnehagen sitt nærmiljø som               <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lokalt byggefelt.</li> </ul> </li> <li>🐾 Tur med fergja.</li> <li>🐾 Syngje kjente songar frå nærområdet vårt.</li> <li>🐾 Besøke kystlaget sitt naust i Klokkarvik</li> <li>🐾 Bryggefisking.</li> <li>🐾 Markere samane sin nasjonaldag, 6. februar.</li> <li>🐾 Besøke kyrkja, sjå og observere bli kjent.</li> </ul>











## Antal, rom og form

«Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelpe barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv være kreative og skapande».

(Rammeplanen s. 53).

Barnehagen skal vere oppteken av tal og teljing, og utforske rom og form. Ein skal lære barna å argumentere og sjå etter samheng. Barnehagen skal gje barna gode opplevingar og glede ved å utforske og leike med tal og formar. Barnehagen skal gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utvikle barna sine matematiske kompetanse.

Vi ønskjer at 1 – 2 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li> Bli kjend med ulike formar og fargar gjennom å utforske, erfare og leike.</li> <li style="padding-left: 40px;"> Duplo</li> <li style="padding-left: 40px;"> Lille larven aldri mett</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li> Gje barna tilgang til ulike typar formar.</li> <li> Synleggjere ulike typar formar og fargar.</li> </ul>

Vi ønskjer at 3 – 4 åringane skal:	Kva gjer vi
<ul style="list-style-type: none"> <li> Erfare ulike formar og storleikar gjennom å sortere og samanlikne.</li> <li> Erfare, utforske og leike med formar og mønster.</li> <li> Lille larven aldri mett</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li> Sortere etter form og farge.</li> <li> Øve å kle på seg sjølv.</li> <li> Dekke bord/rydde.</li> <li> Tilgjengeleg materiell som; perler, klossar, lego, spel, puslespel og play-dough.</li> <li> Antall form og fargar</li> <li> Smak</li> <li> Personalet er bevisst på å bruke matematiske begrep.</li> </ul>

Vi ønsker at 5 – 6 åringane skal:	Kva gjer vi:
<ul style="list-style-type: none"><li data-bbox="252 584 722 656">🦾 Tilegne seg gode og anvendelige matematiske omgrep.</li><li data-bbox="252 678 772 750">🦾 Erfare, utforske og leike med form og mønster.</li><li data-bbox="252 761 456 790">🦾 Kunne telje.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li data-bbox="842 584 1366 656">🦾 Arbeide med omgrep som; lett-tung, sist – først, kort –lang, nær –fjern.</li><li data-bbox="842 672 1150 701">🦾 Lage ulike mønster.</li><li data-bbox="842 712 1145 741">🦾 Spele spel t.d. ludo.</li><li data-bbox="842 752 1366 824">🦾 Tilgjengelege materiell som klossar i ulike formar, lego, spel og liknande.</li></ul>